

Styresak

Går til:	Styremedlemmer
Selskap:	Helse Bergen HF
Styremøte:	13.10.2005
Styresak nr:	76/05 D
Dato skrive:	03.10.2005
	Saksbehandlar: Askjell Utaaker
Saka gjeld:	Pålegg frå Arbeidstilsynet – Kreftavdelinga post 1

Innleiing

Helse Bergen mottok i brev av 11.07.05 varsel om pålegg knytt til tilhøve på Post 1 Kreftavdelinga (orientert under sak 69/05 i styret 01.09.05). Etter dialog og møte med Arbeidstilsynet sendte Helse Bergen brev av 31.08.05 til Arbeidstilsynet, (vedlegg 1) der vi konkluderte slik:

”Som det fremgår av våre kommentarer vil det ikke være mulig å etterkomme de varslede kravene uten en omfattende ombygging og fysisk tilretteleggelse av arealene ved Post 1 ved Avdeling for Kreftbehandling og medisinsk fysikk. Fordi foretaket ikke disponerer alternative arealer for kreftbehandling (og øvrig medisinsk behandling som foregår i bygget) vil en nedstenging av virksomheten kunne få dramatiske konsekvenser for det medisinske tilbudet. De varslede påleggene knyttet til isolater og drift av heisene oppfatter vi er løst.

Vi vil som redegjort for ovenfor så langt som råd er forsøke å gjøre mindre justeringer i driften og på bygningsmessige forhold innen de gitte fristene, men ber om aksept for fortsatt drift av sengeposten inntil vi i tråd med vedtatt Arealplan kan flytte virksomheten over i et nytt Kreftbygg i 2009”

Trass i vår dialog og skriftlege utgreiing har vi no motteke vedlagte pålegg (vedlegg 2). Dette pålegget er nærmest identisk med det tidlegare mottekne varselet. Hovudkonklusjonane i pålegget er:

”Konklusjon: Summen av belastninger fra ulike arbeidsmiljøfaktorer medfører en svært vanskelig og ofte uverdig arbeidssituasjon med uakseptabel fysisk og psykisk slitasje. Arbeidstakere hevder de er fryktelig slitne, og tror ikke de makter arbeidet stort lenger. Bygningen som huser Post 1, er etter Arbeidstilsynets vurdering uegnet som arbeidslokale til pleie og behandling av sengepasienter.”

Hovudelementa i det varsla påleggget er:

"1) Bygningsmessig utforming

- a) *frei gulvplass på hver langside av sengene skal være minst 150 cm, og fritt areal for enden av sengene minst 140 cm,*
- b) *vaktrom skal ha tilstrekkelig gulvplass til å kunne utføre arbeidet uten helsemessige belastninger, i utgangspunktet 6 m² gulvplass pr. arbeidstaker*
- c) *korridorbredde skal være minst 240 cm,*
- d) *døråpninger til sengerom skal være minst 120 cm,*
- e) *gulv skal være plane og gi liten belastning ved tråkk,*
- f) *pasienttoaletter og bad skal være dimensjonert for rullestol og gi plass til en pleier på hver side av toalettskålen.*
- g) *det skal være to toalett for kvinnelig personale og ett for manlig personale, plassert bekvemt i forhold til arbeidsrom.*
- h) *kontakt- og luftsmittesolater skal ha forrom eller luftsluse samt vask, dekontaminering og eget toalett.*

Frist for gjennomføringen av punkt a): **01.11.2005**

Frist for plan for gjennomføringen av øvrige punkter: **01.11.2005**

Frist for gjennomføringen av plan: **01.11.2006**

- 2) **Dokumentere at heisene til Post 1 ved Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk er tilstrekkelig store, vedlikeholdt og i god stand**

Frist for gjennomføringen: **01.11.2006**

- 3) **Virksomheten pålegges å dokumentere at inneklimaet på Post 1 ved Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk er fullt forsvarlig, med balansert mekanisk ventilasjon, og trykkforhold som hindrer spredning av lukt, forurensning og smitte, og nødvendig tilført luftmengde**

Frist for gjennomføringen: **01.11.2006 ”**

Føretaksleiinga sine vurderingar

Leiinga i Helse Bergen seier seg samd i at dei bygningsmessige tilhøva på Post 1 ved Avdeling for Kreftbehandling og medisinsk fysikk ikkje stettar dagens krav og normer til fysisk tilrettelegging av arbeidsmiljø og pasientmiljø. Som vi har klargjort ovanfor Arbeidstilsynet, ligg det no føre planar om å flytte verksemda ved Post 1 til eit nytt Kreftbygg. Kreftbygget vil ikkje kunna verta realisert innan den gjevne fristen frå Arbeidstilsynet (01.11.06). I tillegg krev dette særskilte statlege tilskot som Helse Vest arbeider med å få på plass. Under føresetnad av tilstrekkelege tilskot vil Kreftbygget kunna verta realisert i løpet av 2009.

Hovudproblemstillinga for Helse Bergen er at vi ikkje har alternative areal til drift av den medisinske verksemda i bygget, anten dette gjeld ein reduksjon i sengetal eller ein mellombels stenging i samband med ombygging og betre fysisk tilrettelegging av arbeidsmiljøet. Vi har i samarbeid med Kreftavdelinga konkret vurdert alternativ lokalisering ved ei eventuell utflytting frå sjukehusområdet, men dette er ikkje mogeleg sett i høve til den medisinske behandlinga.

For pasientbehandlinga vert det og vurdert som svært alvorleg dersom sengetalet må reduserast vesentleg, sjå notat av 30.09.05 frå avdelingssjef Olav Mella (vedlegg 3). Total stenging av bygget ved ei eventuell ombygging vil og ramma den ungdomspsykiatriske sengeposten i 1. etasje, og dette har vi ikkje noko straksløysing for.

Dei aktuelle areala ved Kreftavdeling Post 1 er seinast i 1999 byggmessig godkjend i samband med utviding av posten. Føretaket vert stilt ovanfor ein svært vanskeleg situasjon ved at Arbeidstilsynet gjev pålegg og varsel om mogeleg stenging av lokale som har vore i kontinuerleg bruk, og godkjende for så kort tid sidan som 1999.

Sett i lys av dei samfunnsmessige konsekvensane av ei eventuell nedstenging av verksemda, oppfattar vi Arbeidstilsynet sitt pålegg som urimeleg.

Dei bygningsmessige tilhøva skil seg heller ikkje vesentleg frå arealsituasjonen i deler av Gamle Hovudbygg, Hudbygget, Kvinneklinikken, Augebygget, Psykiatrisk klinikk, Kysthospitalet i Hagavik og Voss sjukehus . Vi må her satsa på at "...*Summen av belastninger fra ulike arbeidsmiljøfaktorer*" ikkje vert vurdert på same måte for verksemda i desse bygga. Alternativt vil dette utløysa nye pålegg.

For delvis å imøtekoma pålegget vurderer vi det som naudsynt å vurdere tiltak knytt til å redusera talet på pasientar på posten slik at det arealmessige presset blir noko mindre, og be om at dette kan vera eit av fleire kompensererande tiltak i påvente av nye areal.

Føretaksleiinga vurderer det derfor som rett å påklage vedtaket med grunngjevinga at det bør aksepteras at vi så langt som råd er vil gjere mindre justeringar i drifta og mindre tiltak på bygningsmessige tilhøve innan dei gjevne fristane, men samstundes be om aksept for å halda fram drifta av sengeposten inntil vi i tråd med vedtatt Arealplan kan flytta verksemda over i eit nytt Kreftbygg i 2009. Klagefristen er forlenga av Arbeidstilsynet til 24.06.05.

Forslag til vedtak

Pålegg frå Arbeidstilsynet, Kreftavdelinga post 1 og Føretaksleiinga si vidare behandling av saka vert tatt til orientering.

Vedlegg:

1. Brev av 31.08.05 frå Helse Bergen med merknader til varsel om mogeleg pålegg
2. Brev av 16.09.05 frå Arbeidstilsynet med pålegg
3. Notat av 30.09.05 frå avdelingssjef Olav Mella, Kreftavdelinga